



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
30/2025	Formannskapet	26.08.2025
31/2025	Formannskapet	09.09.2025

Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring Innlandet 2026/27/2030/31

Vedlegg

1 Høringsnotat Tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring 2026-2030

Saksframlegg:


Sak om fireårig tilbudsstruktur i den vidaregåande skulen i Innlandet for skoleårene 2026/27-2030/31 er lagt ut på offentleg høyring med høyringsfrist 15. september 2025. Saken skal til politisk behandling i fylkestinget 21.-23.10.2025.

Sjølve tilbudsstrukturen på overordna nivå blir bestemt nasjonalt. Inndelinga blir fastsett inndelinga av utdanningsprogram og tilhøyrande programområde for studieforbereidende- og yrkesfag. Gjennom behandlinga av høyringsnotata og vidare politisk behandling i fylkeskommunen, blir utdanningsprogramma og programområda fordelt på de ulike skulane. Fylkeskommunane har ikkje moglegheit til å lyse ut tilbod som ikkje er fastsett i den nasjonale tilbudsstrukturen. Kommunane er høyringspart.

Høyringspartane blir invitert til å koma med innspel på:

1. De fremlagte forslagene som kommer frem i saksframlegget og høringsnotatet.
2. Hvordan svarer den foreslåtte tilbudsvifta i videregående opplæring ut samfunnets behov i din region? Er det med fordel andre linjer som burde erstatte de foreslåtte tilbudene? (Tilbudene ved den enkelte skole - fra side 27 i høringsnotatet)
3. Hvordan kan fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommuner, regioner, næringsliv og eventuelt andre være samskapende om opplæring?
4. Er det tilbud som ikke tilbys i Innlandet og som du mener din region kan være naturlig vertskap for?
5. Fylkestinget har avsatt midler til alternative opplæringsmodeller og ønsker innspill til hvordan dette kan utvikles i din region.
6. Det er politisk bestilt en egen sak om kombinasjonen idrett og yrkesfag i Gjøvikregionen – vil det være et ønsket tilbud?

Tabellen nedenfor er henta fra høringsnotatet, og viser elevtallsutviklinga fram mot skuleåret 2034-2035 for i Nord-Gudbrandsdal for årskulla 16-18 år.



Kilde: Utdanningsdirektoratet, GSI

Foreslått tilbudsstruktur for Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule er beskrive i tabellen nedanfor. I tillegg viser høringsdokumentet at det vil bli lyst ut alternative opplæringsmodellar. Dette er nærare beskrive under "Merknad".

Nivå	Programområde
0	Kombinasjonsklasse
1	Helse- og oppvekstfag
	Idrettsfag
	Restaurant- og matfag
	Salg, service og reiseliv
	Studiespesialisering
	Teknologi- og industrifag
2	Barne- og ungdomsarbeiderfag
	Helsearbeiderfag
	Idrettsfag
	Kjøretøy
	Realfag
	Språk, samfunnsfag og økonomi
	Transport og logistikk
3	Idrettsfag
	Påbygg gen studiekomp e/yrkeskomp
	Påbygg. gen. studiekompetanse
	Realfag
	Språk, samfunnsfag og økonomi

"Merknad":

I tillegg til det som fremgår i tabellen lyses det ut alternative opplæringsmodeller hvor søkere som har fullført og bestått Vg1 kan søke direkte ut i bedrift. Dette gjelder innenfor Bygg- og anleggsteknikk, med mulighet for å søke direkte til opplæring i bedrift, FOB1, innenfor **Tømmerfaget**. Videre innenfor Restaurant og matfag, med mulighet for å søke direkte til opplæring i bedrift, FOB1, innenfor: **Kokk, Servitør, Ernæringskokk, Kjøttskjærer og Industriell matproduksjon**. For søkere som har fullført og bestått Vg1 Salg, service og reiseliv, kan søke direkte til opplæring i bedrift, FOB1, innenfor **Reiselivsfaget**. Som nevnt i avsnittet «Alternative opplæringsmodeller», er det viktig at søkerne også setter opp ordinære Vg2-tilbud i skole. Dette for å kunne sikre en lovfestet rettighet, samtidig som man har en sikkerhet dersom det ikke lar seg løse med lærekontrakt med en bedrift.

Vurdering:

1. De fremlagte forslagene som kommer frem i saksframlegget og høringsnotatet.

Den foreslåtte tilbudsstrukturen vil kunne bidra til forutsigbarhet de neste fem åra. Kommunedirektøren meiner likevel at tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdalen er for smal til å gje eit tilfredsstillande skuletilbod i høve regionens behov nå og i åra framover. Om ein samanliknar ulike

regionar ser ein at Nord-Gudbrandsdalen eit smalare tilbod enn Nord Østerdalen sjølv om elevtalet i Nord-Gudbrandsdalen er høgare.

2. Hvordan svarer den foreslåtte tilbudslista i videregående opplæring ut samfunnets behov i din region? Er det med fordel andre linjer som burde erstatte de foreslåtte tilbudene? (Tilbudene ved den enkelte skole - fra side 27 i høringsnotatet).

Kommunedirektøren meiner at det er behov for tilboda som kjem fram i tilbudslista, og at det er positivt at det blir opna for alternative opplæringsmodellar for søkarar som har fullført og bestått VG1. Kommunedirektøren meiner likevel at tilbodet må utvidast, og det er spesielt viktig for regionen å ha eit godt skuletilbod innan bygg- og anleggsteknikk. Det er stor etterspurnad etter byggfagleg kompetanse, og mange bedrifter som tilbyr læreplassar.

3. Er det tilbud som ikke tilbys i Innlandet og som du mener din region kan være naturlig vertskap for?

IT er også ein etterspurt kompetanse i regionen, og vi har erfart at det er svært krevjande å rekruttere lærlingar og faste tilsette i stillingar som lysast ut innan IT-faget. Dette tilbodet må på plass i Nord-Gudbrandsdalen.

Nord-Gudbrandsdalen er ein stor mat- og reiselivsdestinasjon, og det er difor viktig at Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule har eit breitt og godt tilbod innan reiseliv- restaurant- og matfag.

4. Hvordan kan fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommuner, regioner, næringsliv og eventuelt andre være samskapende om opplæring?

Kommunedirektøren meiner det kan være hensiktsmessig med samskaping i tidleg fase om kva som er behovet, slik at kommunane kan involvere skular, elevar og næringsliv med take på å kommunisere slik at elevane som skal velje studieretningar veit kva marknaden etterspør.

5. Fylkestinget har avsatt midler til alternative opplæringsmodeller og ønsker innspill til hvordan dette kan utvikles i din region?

Dette kan gjerast gjennom dialog med IPR.

6. Det er politisk bestilt en egen sak om kombinasjonen idrett og yrkesfag i Gjøvikregionen – vil det være et ønsket tilbud?

Kommunedirektøren har ikkje andre innspel enn at tilbod må utgreiast før dei blir etablert.

Kommunedirektøren støtter den framlagte tilbodsstrukturen, men meiner det er behov for ytterlegare styrking av tilbodet i Nord-Gudbrandsdalen ved å tilføye skuletilbod innan bygg- og anleggsteknikk på alle tre årssteg, og tilbod innan reiseliv- restaurant- og matfag, på alle tre årssteg. I tillegg meiner kommunedirektøren at det bør etablerast eit opplæringstilbod innanfor IT-faget i Nord-Gudbrandsdalen.

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet i Vågå vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsuttale på "Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring Innlandet 2026/27/2030/31"

Formannskapet si behandling av sak 30/2025 i møte den 26.08.2025:

Behandling

Forslag frå ordføraren om å utsetja saka:

Samrøystes

Vedtak

Saka utsett

Formannskapet si behandling av sak 31/2025 i møte den 09.09.2025:

Behandling

Forslag frå formannskapet:

Høyringsuttale

1. Det er positivt at Innlandet fylkeskommune vil vedta ein føreseieleg tilbodsstruktur. Men strukturen må i tillegg til å vere føreseieleg vise vilje til å bruke skule til å utvikle distrikta. Nord-Gudbrandsdalen mista i samband med saken om tilbodsstruktur i vidaregåande opplæring i Innlandet to skulestader og eitt utdanningstilbod. Eitt av hovudpremissa for vedtaket var breie vifter i alle regionar. Nord-Gudbrandsdalen har på trass av eit samanliknbart elevgrunnlag med Nord-Østerdal, Midt-Gudbrandsdal og Valdres eit smalare tilbod enn dei andre regionane.
2. Tilbodsvifta i Nord-Gudbrandsdal må gjerast breiare og samsvare med næringslivet sine behov. Ei breiare vifte i regionen vil gje elevane reelle valmoglegheiter til ei utdanning dei er motiverte for, og redusere reiseavstandar og utanforskap. Eit betre tilbod på yrkesfag vil auke rekruttering til lokalt næringsliv. Vi ynskjer fyrst og fremst tilbod på VG1 Naturbruk, VG1 IT og medieproduksjon samt VG 2 Matproduksjon
3. Vi ser et behov på utvidete utdanningsløp innen data med fokus på bruk av kunstig intelligens og i kombinasjon med primærnæringer som har store behov på modernisering og effektivisering. KI krever stor datakapasitet, dvs strøm, noe regionen kan levere. Droneoperatørfaget bør også være aktuelt.

Rekruttering til helsefag er ei nasjonal utfordring. Ved at vi har lokalisert Lokalmedisinsk Senter på Otta er vi i ein unik situasjon til å kunne bli eit kompetansesenter; skape brei og attraktiv utdanning innan dette fagområdet, både på vidaregåande skule og høgare nivå. Dette er allereie i gang via bl.a. desentralisert sjukepleieutdanning ved Karriere Innlandet, og fleire helseprosjekt i IPR

4. Det er i Innlandet i fleire regionar og store avstandar til vidaregåande opplæring. For elevar med særskilte vilkår er dette ei stor utfordring. Spesielt vil tap av moglegheita til å treffe jamnaldringar redusere livskvalitet. Innlandet fylkeskommune må i samarbeid med kommunar og næringsliv utvikle tilbod som tilfredsstillar denne elevgruppa sine behov.
5. Valdres, Nord-Østerdal og Nord-Gudbrandsdal har saman med opplæringskontoret Brimi-kjøken eit samarbeid om restaurant- og matfag. Samarbeidet inneber ein alternativ opplæringsmodell (1+3) der VG1 er eit tilbod på alle tre skulestader, og VG2 samlingsbasert. Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule har eit utvida ansvar for tilbodet, og skulen skal utviklast til eit knutepunkt for mat og reiseliv. Nord-Gudbrandsdalen er ein stor mat- og reiselivsdestinasjon, og det er avgjerande at dette tilbodet blir vidareutvikla.
Modellane kan best utviklast i samarbeid med den vidaregåande skulen, aktuelle opplæringskontor og næringslivet gjennom eksempelvis Gudbrandsdal Næringsforening.
6. Kombinasjonen mellom yrkesfag og idrettsfag er nyskapande, og det er positivt at Innlandet fylkeskommune vil prøve ut ein slik modell. Vi oppfordrar fylkeskommuna til å vere like nyskapande når det gjeld nye tilbod i distrikta, og ikkje berre i dei elevrike områda.

Samrøystes

Vedtak

Formannskapet sitt framlegg til høyringsuttale på "Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring Innlandet 2026/27/2030/31" blir vedteke.